



Øygarden idrettsråd
 Organisasjonsledd i
 NORGES
 IDRETTSFORBUND



Samarbeidsavtale mellom Øygarden kommune og Øygarden idrettsråd

Bakgrunn og formål med avtalen.

Kommunen og idretten har eit felles mål om å skapa eit levande lokalsamfunn der folk kjenner seg trygge, finn mening og trivst.

Formålet med denne avtalen mellom Øygarden kommune og Øygarden idrettsråd er styrking av det naudsynte samspelet mellom Øygarden kommune og Øygarden idrettsråd. Dette skal bidra til klargjering av viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar.

Samarbeidet.

Eit hovudprinsipp er at saker som idrettslaga ynskjer å fremja for kommunen, og som er av felles interesse for idretten, skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet. Det betyr at kommunen ikkje forvaltar/avsluttar si sakshandsaming utan at den har vore på høyring hjå idrettsrådet, eller at idrettsrådet har medverka på annan måte, avhengig av type sak.

Øygarden idrettsråd skal vurdere søknader om anlegg/nybygg frå idrettslaga og gjera prioriteringar av ulike typar anlegg (små, store, rehabilitering) som innspel til handlingsplanen til kommunen.

Øygarden idrettsråd skal gi tilråding til kommunen om den årlige prioriteringslista for spelemiddelsøknader ved innsending av desse.

Øygarden idrettsråd gir tilråding til kommunen om fordeling av kommunale kulturmidlar og anleggsmidlar til idrettslaga.

All kommunikasjon mellom Øygarden idrettsråd og Øygarden kommune skal vera basert på opeinheit og meiroffentlegheit.

Høyringsrett:

Øygarden idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten.

Øygarden kommune sin administrasjon sørgjer for at Øygarden idrettsråd sine innspel følgjer dei andre sakspapir til avgjerande instans, eller på annan måte vert referert i den endelege skriftlege saksdokumentasjonen.

Administrative møte:

Kommuneadministrasjonen og Øygarden idrettsråd møtast ved behov. Idrettsrådet inkaller kommuneadministrasjonen med på 4 styremøter i året.

Informasjonsmøte: Kulturadministrasjonen fortsetter med årlege informasjonar om tilskotsordningane for alle lag og organisasjonar.



Øygarden idrettsråd
Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND



Politisk nivå:

Idrettsrådet skal årleg ha presentasjonstid i kommunestyret. I forkant av møte i kommunestyret skal det gjennomførast dialogmøte med ordførar/formannskap.

Revisjon/oppseiing av avtalen:

Partane skal i fellesskap gå gjennom og evaluera avtalen kvart fjerde år etter inngåinga, men avtalen kan ellers reviderast når partane er samde om det. Kvar av partane kan seia opp avtalen skriftleg med seks månaders varsel.

Rong, 2017

Stad, dato



Øygarden kommune
Rådmann

Øygarden kommune
Ordførar

Øygarden idrettsråd
Leiar